

Bacheloroppgåve

## **Er tausheit verkeleg gull?**

Ein studie av barnehagelærarar sine  
erfaringar med dei stille barna

Ingvild Eidheim

Barnehagelærerutdanning  
BLUBA  
2017



HØGSKULEN  
I VOLDA

Fordord:

Når eg skulle velje tema for bacheloroppgåva mi ville eg velje eit tema eg syns er interessant , men også noko som er viktig å ta med seg for jobben eg skal gjere i framtida. For meg vil noko av det viktigaste med å jobbe i barnehage vere å sjå det enkelte barnet. Eg valde å skrive om dei stille barna i barnehagen. Dette er barn som ofte blir sett på som snille og stille av dei vaksne, men som kan ha alvorlege problem med å kome inn i leik med andre barn. Då desse barna kanskje ikkje blir sett på som eit problem av dei vaksne, vert det som oftast ikkje oppdaga om desse barna slit.

Å skrive denne oppgåva har vore ein lærerik, reflekterande og utfordrande prosess som har gitt meg mykje motivasjon til å sjå desse stille barna. Dette har forma mitt pedagogiske blikk når eg snart skal ut i jobb som barnehagelærer.

Tusen takk til informantane som har stilt med sine erfaringar.

Takk til rettleiar for gode dialogar og rettleiing.

## Innhold

Samandrag.....	3
1.0 Innleiing.....	4
2.0 Kunnskapsgrunnlag .....	6
2.1 Rammeplanen .....	6
2.2 Tidlegare forskning .....	7
2.3 Teoretisk forankring .....	7
2.3.1 Innagerande åtferd.....	7
2.3.2 Leik.....	8
2.3.3 Leikegrupper.....	9
2.3.4 Vaksenrolla .....	9
3.0 Metode .....	11
3.1 Kvalitativ metode .....	11
3.2 Utval og presentasjon av informantar.....	11
3.3 Semistrukturert intervju .....	12
3.4 Intervjuguide og gjennomføring av intervju.....	12
3.5 Transkribering.....	13
3.6 Analysering .....	13
3.7 Vurdering av reliabilitet og validitet.....	14
3.8 Etske vurderingar.....	15
4.0 Empiri .....	16
4.1 Kategorien Innagerande åtferd .....	16
4.2 Kategorien Leik.....	17
4.3 Kategorien Vaksenrolla.....	18
4.4 Kategorien Tiltak.....	19
4.5 Oppsummering av empiri .....	20
5.0 Drøfting.....	22
5.1 Innagerande åtferd.....	22
5.2 Leik.....	22
5.3 Vaksenrolla .....	24
5.4 Tiltak .....	25
6.0 Oppsummering.....	27
Litteratur.....	29
Vedlegg 1 .....	31
Vedlegg 2 .....	32

## Samandrag

**Hensikt og bakgrunn:** Eg har valt dei stille barna som tema for mi bacheloroppgåve. Eg valde dette temaet fordi eg syns det er viktig å sette fokus på dei stille barna i barnehagen. Eg vil også bevisstgjere meg sjølv på desse stille barna når eg sjølv skal ut i jobb slik at eg kan tilrettelegge best mogleg for dei.

**Forskning og teori:** Eg syns det var vanskeleg å finne forskning der dei stille barna hadde særskild fokus. Eg fann etterkvart kvalitativ forskning frå USA som eg har støtta meg på og ein kvantitativ studie frå Norge. Eg har valt å fokusere på Lund (2014) som ein sentral teoretikar innan innagerande åtferd. Vidare har eg støtta meg på Lillemyr (2012) innan leiken, og både Barsøe (2010) og Vedeler (2007) når det kjem til vaksenrolla og leikegrupper.

**Metode:** Eg har valt ei kvalitativ tilnærming når eg skal forske på dei stille barna. Dette fordi eg er ute etter erfaringar og opplevingar til barnehagelærarar som arbeider med stille barn i barnehagen. Eg valde også kvalitativt intervju for å fange opp desse erfaringane og opplevingane til informantane mine. Eg laga ein intervjuguide som vart godkjent av rettleiar og eg testa den ut i eit pilotintervju. Eg sende også ut intervjuguiden til informantane på førehand slik at dei fekk førebudd seg og eg fekk best mogleg svar.

**Funn:** Informantane hadde monge gode svar og dei viste mykje kunnskap rundt dei stille barna. Dei svara både mykje likt og ulikt. Tiltaka som blei gjort for dei stille barna var ganske like i dei tre barnehagane som informantane jobba i.

**Drøfting og oppsummering:** Det informantane la vekt på i sitt arbeid med dei stille barna er mykje relatert til tidlegare forskning og teori. Dei tre var samde om at aktive og medleikande vaksne er viktig i arbeid med dei stille barna. Vidare må dei vaksne kartlegge interessene og den sosiale kompetansa til dei stille barna kontinuerlig slik at desse barna får kome inn i leiken og ikkje minst få gode relasjonar til andre barn. Informantane var samde om at dei stille barna skal respekterast og anerkjennast, men også løftast opp og fram.

## 1.0 Innleiing.

Mine erfaringar tilseier at alle barn i barnehagen har forskjellige behov, og ein barnehagekvardag er ikkje alltid lagt opp til å passe alle barn. Tema for bacheloroppgåva mi vil vere knytt til ei gruppe barn som stundom fell utanfor. Det er dei stille barna i barnehagen. Desse barna viser ein så stille åtferd at det kan karakteriserast som å vere ein problemåtferd.

Lund (2014, s. 27) definerer innagerande problemåtferd slik;

Innagerande atferd er en benevnelse på en atferd der følelser, opplevelser og tanker holdes og vendes innover mot enn selv. Uttrykk som kommuniseres, kan være sårbar, avvisende, deprimert, tilbaketrukket, angst og usikkerhet (Lund, 2014, s. 27).

Vidare seier Lund (2014, s. 27) at desse barna ofte vert sett på som stille og snille. Når barna får dette stempelet blir det heller ikkje stilt spørsmål om trivselen til desse barna eller relasjonane til dei andre barna og til dei vaksne. Barsøe (2010, s. 27) seier at vi i barnehagepersonalet må sjå og gripe inn dersom det finnast barn som er så stille at det hemmar deira læring, hindrar positiv samhandling med andre og gir barna ei kjensle av det å ikkje høyre til.

Leik har ein eigenverdi for barn og barn sin leik fortel oss vaksne mykje om deira læring, utvikling og sosialisering i barnegruppa (Lillemyr, 2012, s. 34-35). Leiken er også viktig for førskulebarn fordi dei brukar nesten all si tid på å leike, og ikkje minst er det gjennom leiken at barn utviklar sine sosiale og kommunikative kompetansar (Lillemyr, 2012, s. 36). Men kva gjer ein når det finst barn som ikkje leiker og kva med dei som treng hjelp inni leiken fordi dei viser ein for innagerande åtferd? Dette er det studien handlar om og eg vil undersøkje kva barnehagelærar kan gjere for å legge til rette og inkludere desse barna gjennom leik. Mi problemstilling vil derfor vere:

- **Korleis kan barnehagelærar bruke leik for å inkludere dei stille barna?**

Leik vert i denne oppgåva definert som viktige perspektiv i forhold til barnas læring, både trivsel og sosial læring i barnehagen (Lillemyr, 2011, s. 35). Med omgrepet dei stille barna viser eg til barn som viser innagerande problemåtferd. Omgrepet inkludering er forstått som som det å ha ei verdsatt rolle i eit sosialt fellesskap (Kvelling, 2013, s. 211).

Eg vil nytte den hermeneutiske spiralen (Dalland, 2013, s. 58) når eg skal analysere funna frå studien, og eg vil utifrå denne vitenskapsteoretiske ståstaden drøfte desse funna i belysning av relevant forskning og teori opp i mot mi forforståing.

Mi forforståing om dette temaet var at dei stille barna ofte vert gløymt i ein hektisk barnehagekvardag. Eg hadde også ei forståing av at dei stille barna er flinke å leike sjølve og derfor ser ikkje dei vaksne på desse barna som problematiske.

Oppgåva er bygd opp slik at del 2 går inn i aktuell forskning og teori om dei stille barna. I del 3 vert metode for datainnsamling gjort greie for. Del 4 presenterer funn som studien viser, og i del 5 drøftar eg funna opp mot forforståing, relevant teori og forskning frå feltet. Til slutt som del 6 kjem eit oppsummerande punkt med eit framoverblikk på aktuell forskning vidare.

## 2.0 Kunnskapsgrunnlag

I dette kapittelet vil eg først gå inn på kva *Rammeplanen for barnehagens innhald og oppgåver* (KD, 2017) seier om det enkelte barns behov. Eg vil vidare presentere forskning og teoriforankring som ligg nær til problemstillinga for studien.

### 2.1 Rammeplanen

Gjeldande *Rammeplan for barnehagens innhald og oppgåver* (KD, 2017) er eit av barnehagen sitt politiske styringsdokument. Den nyaste rammeplanen vart tatt i bruk i August 2017. Det er kunnskapsdepartementet og utdanningsdirektoratet som gjennom den nasjonale rammeplanen av 2017, søker å sikre kvalitet i alle barnehagar i Noreg. Ser vi på kva denne rammeplanen seier om dei stille barna, har rammeplanen nokre aktuelle punkt i samsvar med det aktuelle problemområdet. Det første seier noko om respekt for barnet som individ.

Barna skal møtast som individ, og barnehagen skal ha respekt for opplevingsverda til barnet (KD, 2017, s. 8).

Det er viktig at dei stille barna får vere seg sjølve, og at alle vert respektert som dei er. Vidare seier rammeplanen at barnehagen skal legge til rette for sosial deltaking, og om det trengs må personalet arbeide med å inkludere barn i fellesskapet (KD, 2017, s. 40). Her seier rammeplanen at dersom dei stille barna treng det må dei inkluderast systematisk i fellesskapet. Rammeplanen seier også at

Personalet skal fremje eit inkluderande miljø der alle barna kan delta i leik og erfare glede i leik (KD, 2017, s.20).

I rammeplanen synes det viktig å få fram leikens betydning for barnet. Leiken skal ha ein sentral plass i barnehagen, og ikkje minst anerkjennast som eigenverdi for barna.

Rammeplanen seier også at barnehagen skal gi gode vilkår, inspirere og gi rom til leik i barnehagekvardagen. Vidare peikar rammeplanen på viktigheita av at barn skal få oppleve leik, både åleine og saman med andre (KD, 2017, s. 20). Utifrå dette kan ein vurdere slik at rammeplanen tek opp at personalet har ei plikt for å legge til rette for at alle barn vert inkludert i leiken. Ein kan også tolke det slik at den nye rammeplanen for 2017 i større grad enn den førre, synast å ivareta dei stille barna.

## 2.2 Tidlegare forskning

Eg har søkt mykje på Google Scholar etter forskning på dette feltet og dei fleste funna er internasjonal forskning. Frå USA finn eg kvalitativ forskning som viser at barn som er stille og sjenerte viser ein meir innagerande åtferd, at dei var meir einsame, slit med sosial angst, dårleg sjølvkjensle og generelt eit dårleg framtidsbilete (Findlay, Coplan & Bowker, 2009, s. 51). Findlay et al. (2009, s. 53) si forskning viste også at dersom dei stille barna lærer strategiar som gjer at dei kan takle problem betre sjølve, så vil dei klare seg betre og det kan minske deira sjenanse. Ein norsk kvantitativ studie av Bye Johansen (2011) viste at dei innagerande barna i skulen kjende seg veldig einsame. Denne einsemda var med både i timane og i friminutta. Denne elevgruppa presterte dårlegare i muntlige, praktiske og estetiske fag, enn dei andre barna. Då denne studien tek føre seg barn i skulealder vel eg å ikkje fokusere meir på Bye Johansen sine funn.

## 2.3 Teoretisk forankring

Eg har fokusert på Lund (2012) som ein sentral teoretikar når det kjem til innagerande åtferd. Vidare har eg støtta meg på teori kring leik av Lillemyr (2012), då spesielt med vekt på kor viktig leiken er for barn og deira utvikling. Eg har også med teori frå Barsøe (2010) om leikegrupper, og til slutt litt om vaksenrolla.

### 2.3.1 Innagerande åtferd

Lund (2012, s. 20) seier at innagerande problemåtferd kan kjenneteiknast av nervøsit, hemma åtferd, personlegheitsvanskar, nevrotiske trekk eller angst. Barna kan verke triste og viser sjeldan glede og vidare er mange av desse barna er svært passive. Sørli og Nordahl (1998, sitert i Lund, 2012, s. 20) nemner einsamheit, dårleg sjølvoppfatning, depresjonar, angst, overdriven bekymring og psykosomatiske plager som kjenneteikn på innagerande problemåtferd. Lund (2012, s. 21) skriv vidare at det er svært vanskeleg å avgjere når innagerande åtferd kan verte regna som eit problem, men dersom det bryt med det som er uventa åtferd, det hemmar læring og utvikling og til slutt kan hindre positive relasjonar, då kan ein seie at det er ei beskriving av eit åtferdsproblem.

Barsøe (2010, s. 39) skriv at desse stille barna ofte viser for dårleg sosial kompetanse til å ha eit godt samspel med andre barn. Ein ser også at dei stille barna er mindre populære enn dei andre, og oftare opplev avvising til å kome inn i leiken. Dei har også færre venner og opplev meir einsamheit (Lund, 2014, s. 71).

Kavale (2005, sitert i Lund, 2014, s. 25) skriv om kva konsekvensar tilbakehalden åtferd kan ha for eit barn eller ein ungdom;



- 1.Manglande evne til læring
- 2.Manglande evne til å skape relasjonar med jamnaldra eller vaksne
- 3.Uventa kjensler og reaksjonar som kan oppstå i ei normal setting
- 4.Trisheit og depresjon
- 5.Kan utvikle frykt eller fysiske symptom i personleg og/eller skulesamanheng.

Kvifor barn utviklar åtferdsproblem er det fleire forklaringar på. Ogden (2009, sitert i Lund, 2012, s. 22) delar det inn i biologiske , psykologiske og sosiologiske teoriar. Dette går ut på at biologiske teoriar tek for seg arv og medfødde disposisjonar. Psykologiske teoriar fokuserer på dei individuelle forskjellane, for eksempel nokre barn er meir robuste enn andre. Dei sosiologiske teoriene fokuserer på oppdragarstil, miljøet og kulturen rundt barnet, og konteksten barnet er i (Lund, 2012, s. 22-23).

### 2.3.2 Leik

Leiken har ikkje alltid vore aktuell innanfor pedagogisk forskning. Lillemyr (2012, s. 30) skriv at det er først dei seinare åra at desse perspektiva har kome inn. Leiken vert no sett på som viktig for barna og det er ei vesentleg side ved barnekulturen. Derfor har leiken ein grunnleggande betydning for utvikling av personleg og kulturell identitet (Lillemyr, 2012, s. 32). Leiken spelar ei stor rolle i sosialiseringssamanheng (Vedeler, 2007, s. 71). Med tanke på å utvikle sosial kompetanse og gode sosiale mestringsstrategier, er det avgjerande at barn får delta i leiken på ein positiv måte (Vedeler, 2007, s. 71). For å kunne leike må barn ha ein viss grad av sosial kompetanse. Dei må ville leike, dei må forstå kva leiken handlar om , dei må vite korleis dei går inn i leik som allereie er i gong og til sist, dei må kunne oppretthalde og vidareutvikle leiken. (Barsøe, 2010, s. 49).

Dei fleste barn har eller får denne kompetansen i leik med andre barn, men som Barsøe (2010, s. 49) skriv så har mange av dei stille barna så store manglar i sin leikekompetanse at dei ikkje vil eller klarar å leike. Eit av dei viktigaste kriterier til sosial kompetanse er evna til å etablere relasjonar og vennskap (Vedeler, 2007, s. 67). Barn treng samværskompetanse for å skaffe seg relasjonar som kan føre til vennskap (Greve, 2015, s. 57). Slik kompetanse skaffar barna seg ved å vere i leik og samvær med andre, men det er ikkje alle barn som klarar å etablere relasjonar. Dei barna som ofte opplev å bli utestengt frå leiken kan utvikle lav sjølvkjensle og ei kjensle av makteslausheit. Då står barnet i fare for å verte i eit negativt sosialt mønster (Greve, 2015, s. 55).

Ytterhus (2002, s. 137) skriv om barn og eksklusjon i leiken i barnehagen. Ho seier at barn som er sett på som «annleis». oftare enn andre opplever samhandlingsbrot i leiken med jamaldra. Ho skriv også om nokre sosiale samhandlingsressursar ho fann i sin studie. Desse bidrog til at barna kom inn i leiken og klarte å oppretthalde flyten i leiken.

Samhandlingsressursane var blant anna å få spørje om å få delta i leik, vere blid og snill, vere kreativ og morsom, og å vere spontant nærværande leikekamerat. Dei barna som hadde lav grad av desse samhandlingsressursane vart i verste fall ekskludert frå fellesskapen (Ytterhus, 2002, s. 62-63).

### 2.3.3 Leikegrupper

I leik skaffar barna seg mykje kompetanse og det er derfor veldig viktig at alle barn tek del i leiken. Dessverre skjer ikkje dette automatisk for alle barn, og då må dei vaksne hjelpe til for at barna skal kome inn i leiken (Barsøe, 2010, s. 191). Det å opprette leikegrupper kan vere eit tiltak. Her får barna «øve seg» på å leike og ein får også kartlagt barna sine interesser og sosiale kompetanse. Nokre spørsmål ein bør tenke på ved oppretting av slike leikegrupper kan vere kva er ønska utvikling, kva interesser har dette barnet som treng hjelp inn i leiken, kven kan dette barnet fungere saman med av andre barn, kor mange barn skal vere i leikegruppa, og kor ofte skal leikegruppa møtes (Barsøe, 2010, s. 193). Det viktigaste å er at ein tek utgangspunkt i noko barnet interesserer seg for og meistrar, at dei vaksne involverer seg i leiken og gir barnet naudsynt støtte, og til slutt må barnehagen også oppfordre foreldra til å støtte opp under desse leikegruppene etter barnehagetida for å styrke moglege vennskap (Barsøe, 2010, s. 195).

### 2.3.4 Vaksenrolla

Dei vaksne spelar ei viktig rolle i leiken i barnehagen, og Birgitta Knutsdotter Olofsson (2007, sitert i Øhman, 2015, s. 106) meiner at barn treng «leikbare» vaksne for å kunne utvikle eigen leik. Barn må få delta i positive samspelsituasjonar med vaksne som er viktige for dei, og dei må oppleve glede og moglegheiter i leiken (Øhman, 2015, s.106). Vidare er det viktig med vaksne som gjer ein aktiv innsats når dei ser at relasjonane i barnegruppa er svake (Engdahl, 2015, s. 135). Å bygge vennskap og å leike heng saman med ei god og positiv utvikling, og det er viktig at dei vaksne går fram som gode forbilder. Alt dei vaksne gjer og ikkje gjer, påverkar barna (Engdahl, 2015, s. 135). Åm (1984, s. 51) skriv om kvifor vaksendeltaking i leiken er viktig. Ho nemner at når ein som vaksen faktisk deltek i leiken så ser vi kva som faktisk skjer i leiken, og ein kan lettare observere samspelet mellom barna. Dette kan vere vanskeleg å oppdage dersom ein berre observerer leiken utanfrå. Ein kan også som vaksen deltakar vere ein innfallspott for dei barna som ikkje tørr å ta del i leiken utan

vaksne til stade (Åm, 1984, s. 52) Det kan vere avgjerande for desse barna at ein vaksen faktisk deltek i leiken før dei tørr å delta sjølve. Dei vaksne kan bruke leik til å skape felles erfaringar til barna. Dette er avgjerande for at barn skal kunne involvere seg i samleik. Barn treng også motivasjon til å involvere seg i leiken, og dei må oppleve samanheng og meining med å delta i leiken. Her må den vaksne legge til rette for felles leik der barna kan handtere utfordringane og oppleve leiken som meiningsfylt (Vedeler, 2007, s. 122).

Det å vere ein trygg vaksen som barna kan komme til med utfordringar er viktig. Viser ein trygghet skapar ein også tillit (Lund, 2014, s. 124). Ikkje minst må ein vise anerkjenning i møte med stille barn, og Lund (2014, s. 104) skriv om dei fem elementa innan anerkjenning; lytting, forståing, aksept, toleranse og bekrefting. Det handlar om å gi barn tru på seg sjølve, slik at dei kan utvikle seg og etter kvart tørre å stå fram (Lund, 2014, s. 112).

### 3.0 Metode

I dette kapittelet vil eg beskrive metodane for datainnsamling i denne studien. Det vil innehalde beskrivingar om intervjuet og intervjusituasjonen eg har gjennomført samt ei beskriving om korleis analyseringa av intervjuet er gjennomført. I siste del vert validitet og reliabilitet og etiske utfordringar vurderte.

#### 3.1 Kvalitativ metode

Dalland (2013, s.112) seier at metode er vårt reiskap i møte med noko vi vil forske på. Eg måtte derfor velje metode etter kva eg skulle undersøkje. Den kvalitative metoda fangar opp meiningar og erfaringar som ein ikkje kan måle (Dalland, 2013, s.112). Her samla eg inn data i direkte kontakt med fagfeltet.

Eg valde å bruke ein kvalitativ tilnæringsmåte når eg skulle forske på dette temaet. Dalen skriv:

Et overordnet mål for kvalitativ forskning er å utvikle forståelse av fenomener som er knyttet til personer og situasjoner i deres sosiale virkelighet (Dalen, 2011, s.15).

Målet med å bruke denne metoda er å kunne gå i djupna og få innsikt i korleis ein barnehagelærer opplev og arbeider dersom ho har barn som viser ein uhensiktsmessig stille åtferd i barnegruppa. Den kvalitative tilnærminga støtta meg når eg spurde spørsmålet om korleis ein barnehagelærer opplever og arbeider rundt dette problemområdet. Dalen (2011, s. 15) seier at den kvalitative tilnærminga fokuserer på sjølv opplevingsdimensjonen og vart slik opplevd som rett å gjere i mi forskning. Dette fordi eg var ute etter opplevingar og erfaringar til intervjupersonane.

Intervju vart valt som datainnsamlingsmetode fordi eg ville forstå korleis ein barnehagelærer arbeider med stille barn og eg ville også forstå dei stille barna betre. Dalland (2013, s. 151) peikar på at samtalen er det viktigaste reiskapet ein har i arbeid med andre mennesker. Eg ville ha ein fagleg samtale med intervjupersonane der eg satt igjen med ei betre forståing av korleis tre ulike barnehagelærarar inkluderte dei stille barna.

#### 3.2 Utval og presentasjon av informantar

I forhold til mi problemstilling var det pedagogiske leiarar eller barnehagelærar eg var ute etter å intervju. Eg valde å intervju tre barnehagelærarar. Å velje tre intervju, vart gjort ut i frå tida eg hadde til disposisjon denne hausten. Ifølgje Kvale og Brinkmann (2015, s. 148) viser nyare intervjuundersøking at det er ein fordel å ha færre intervju og heller bruke meir tid på forarbeid og analyse. Eg valde derfor å ikkje ha for mange intervju i forhold til tida eg har

på oppgåva, og heller bruke litt betre tid på sjølve intervjuet og analysing. Dalland (2013, s. 165) påpeikar også at det er betre med to eller tre gode samtalar enn å samle inn meir data enn ein kan bruke.

I høve utval, fekk eg positivt svar frå to barnehagelærarar og ein styrar. Dei var alle tre frå forskjellige barnehagar. Dei var representative for den gruppa som kunne besvare forskingsspørsmålet. Eg valde tre barnehagelærarar frå forskjellige barnehagar fordi eg syns det er interessant å sjå korleis dei ulike barnehagane jobbar i praksis, og om det er mykje likt eller ulikt. Eg valde også å intervjuet ein pedagogisk leiar som var relativt nyutdanna og ein som hadde jobba i 20 år. Styraren som eg intervjuet har tidlegare jobba som pedagogisk leiar og derfor tenkte eg at det var interessant å ta med ho som intervjuetperson då ho har både eiga erfaring, og også no sit med det overordna ansvaret i barnehagen. Slik kan ein seie at eg har gjort eit strategisk utval som skulle gi stor varians i høve den ulike praksisen som finnast i barnehagekvardagar.

Eg sendte ut mail til dei forskjellige barnehagane med informasjon om meg og studien min. Eg valde å sende mail fordi eg veit at ein barnehagekvardag er travel og det er lettare for personalet å svare på mail etter arbeidstid.

Informant 1 er styrar. Ho var ferdig utdanna i 1993 og har jobba som pedagogisk leiar fram til ho vart styrar.

Informant 2 vart ferdig utdanna i 2016 og har sidan jobba som pedagogisk leiar.

Informant 3 vart ferdig utdanna i 1999 og har jobba som pedagogisk leiar sidan, både på småbarnsavdeling og storbarnavdeling.

### 3.3 Semistrukturert intervju

Eg ynskja å ha eit semistrukturert intervju. Dette fordi eg ville ha ein meir open intervjusituasjon der eg og informanten kunne ha ein god fagleg samtale. Kvale & Brinkmann (2015, s. 46) beskriv eit slikt intervju som eit *semistrukturert livsverdenintervju*. Ein bruker tema frå dagleglivet i eit slikt intervju og er ute etter å hente inn beskrivingar frå intervjuetpersonens livsverd. Det lignar ein samtale frå dagleglivet, men har som profesjonelt intervju eit formål (Kvale & Brinkman, 2015, s. 46).

### 3.4 Intervjuguide og gjennomføring av intervju

Når eg skulle utforme ein intervjuguide (Vedlegg 1) laga eg tema som kunne beskrive problemområdet. Deretter laga eg spørsmål som passa under tema påverka av teori og forskning eg hadde lese. Ifølgje Dalland (2013, s. 167) skal det å utarbeide ein intervjuguide

forberede deg fagleg og mentalt til intervjuet. Dalland (2013, s. 167) seier også at om ein intervjusituasjon er meir open vil det vere større sjanse for å få meir spontane og levande svar. Dette var det eg var ute etter og derfor ville eg ikkje følgje intervjuguiden slavisk, men heller lede informanten inn på tema i staden for styrande spørsmål. Eg hadde eit pilotintervju etter at intervjuguiden min var ferdig utforma for å sjå om spørsmåla mine var gode nok. Etter forbetringar i etterkant av pilotintervjuet var eg fornøgd med intervjuguiden min og var klar.

Dei tre informantane eg hadde fått positivt svar frå var klare på at dei ynskja å få intervjuguiden i forkant. Dette syns eg var greitt då eg forstår at dei treng å forberede seg og eg får meir grundige svar med dette. Dei fekk også skjema og underskrift for informert samtykke (Vedlegg 2) dei måtte signere der det blant anna stod at all data vert anonymisert, at eg skulle ta opp intervjuet på lydopptakar på mobiltelefonen min, og at informanten kan trekkje seg når som helst utan noko spørsmål.

Eg starta intervjuet med å spørje litt om informanten sjølv, utdanning og jobberfaring. Dalland (2013, s. 172) seier det er lurt å starte med spørsmål som informanten kan svare på utan å måtte tenke noko særleg. Eg kjende også at samtalen mellom meg og informanten blei meir avslappa når eg visste litt meir om personen utifrå dei første spørsmåla. I intervjuet fekk eg mange gode og verdifulle svar. Alle informantane kom med spontane innspel og det skjedde fleire gongar at dei svarte på spørsmål som eigentleg kom seinare. Dette var heilt greitt for meg og eg avbraut ikkje. Dalland (2013, s. 168) seier at slike spontane innspel fortel at temaet er noko informanten er oppteken av.

### 3.5 Transkribering

Å transkribere betyr å transformere, altså at noko skiftar form (Kvale og Brinkmann, 2015, s. 205). Eg transformerte lydopptaka mine til skrift. Dette var ein tidkrevjande prosess. Eg bruke øyerepluggar i mobiltelefonen min, og spolte opptaka fram og tilbake medan eg skreiv ned alt eg hørte på lydfila. Eg skreiv alle intervjuet på nynorsk sidan eg skriv oppgåva på nynorsk uavhengig av målføre til informanten. Dette sidan eg skriv bacheloroppgåva på nynorsk.

### 3.6 Analysing

Dalland (2013, s. 144) seier at analyse er eit granskingsarbeid der utfordringa ligg i å finne kva dataen fortel deg. Eg starta allereide å tenke på korleis eg ville analysere dataen medan eg utforma intervjuguiden. Kvale og Brinkmann (2015, s. 216) seier at dette er svært viktig; tenk over korleis intervjuet skal analyserast før du tek intervjuet. Eg såg allereie mykje samheng mellom dataen under sjølve intervjuet og eg merka meg ulike kategoriar som gjentok seg gjennom kvart intervju. Når eg starta analyseprosessen starta eg med induktiv metode. Nilsen

(2012, s. 65) seier at induktiv metode handlar om å ikkje arbeide etter forhandsbestemte kategoriar. Eg hadde ei aning om kva kategoriar eg ville dele opp intervju mine i, men eg prøvde å sjå på heilskapen i intervju først. Deretter når eg hadde lest over data fleire gongar og delt det opp i delar, såg eg at dei kategoriane eg hadde sett i intervjusituasjonen var dei rette kategoriane for meg å bruke til å dele opp intervjuet i delar. Eg valde då å bruke desse forhandsdefinerte kategoriane. Nilsen (2012) kallar dette for ein deduktiv metode (Nilsen, 2012, s. 71).

Hermeneutikk tyder fortolkningslære (Sagberg, 2014, s. 42). Når vi skal forstå noko bruker vi forforståinga vår til å fortolke den nye kunnskapen, og deretter går vi i «spiral» tilbake til forforståinga med ny og utvida kunnskap (Sagberg, 2014, s. 42). Eg hadde ei forforståing frå før innan dette temaet, men data eg samla inn danna ei meir heilskapleg forståing av mi eige forforståing. Dalland (2013, s. 58) skriv at denne heilheita stadig vert endra når ein får ny kunnskap. Når eg skulle analysere og tolke delane av intervju mine tok eg utgangspunkt i mi forforståing. Vidare utfordra eg forforståinga mi ved å drøfte den opp imot dataen eg samla inn og relevant teori og forskning. Ved å sjå på heilheita og delar av intervju, og drøfte dette opp imot mi forforståing nytta eg den hermeneutiske spiralen til å prøve å forstå og tolke dataen min (Nilsen, 2012, s. 72).

### 3.7 Vurdering av reliabilitet og validitet

Ifølgje Dalland (2013, s. 52) tyder reliabilitet pålitelegheit. Det handlar om at målingar må utførast korrekt og at det er gjort nøyaktig (Dalland, 2013, s. 120). Det at eg valde intervju som datainnsamlingsmetode kan føre til redusert pålitelegheit. Det kan vere at spørsmålet blir oppfatta feil eller at lyden på opptaket er for dårlig slik at feil oppstår. Eg syns sjølv at intervju gjekk relativt bra uansett. Eg prøvde å ikkje stille leiande spørsmål, og under transkriberinga prøvde eg å vere så nøyaktig som mogleg. Med eit så lite utval av barnehagelærarar som tre informantar vil denne studien ikkje på nokon måte ha intensjon om å generalisere eller gjere gyldig. Denne studien er gyldig for å beskrive tre barnehagelærarar si forståing og kvardagspraksis.

Validitet tyder relevans og gyldigheit, og det handlar om at det som målast må vere relevant for problemstillinga (Dalland, 2013, s. 52). Eg prøvde å utforme ein intervjuguide som stilte relevante spørsmål i forhold til problemstillinga mi, og eg prøvde å legge vekk forforståinga mi når eg utforma intervjuguiden slik at ingen av spørsmåla blei leiande. Eg ville også å vere nøytral under intervjuet slik at ingen av informantane mine blei usikre eller svarte på ein anna måte enn dei eigentleg ville.

### 3.8 Etiske vurderingar

Dalland (2013, s. 95) seier at etiske vurderingar handlar om å tenke over kva for etiske utfordringar som ligg i arbeidet vårt og korleis desse utfordringane kan handterast. Det handlar om å ta vare på dei menneska som gir oss sine erfaringar og opplevingar, altså mine informantar.

Før eg drog ut i barnehagen å intervjuja delte eg ut eit informert samtykke der det stod klart og tydeleg hensikta med intervjuet, korleis informasjonen skulle bli brukt og at all data vart anonymisert. Vidare stod det også at dersom informanten valde å trekke seg kunne dei gjere dette utan å oppgje noko grunn og all dataen ville bli sletta umiddelbart. Dalland (2013, s. 105) skriv at hensikta med informert samtykke er å styrke individets autonomi og oppmuntre til sjølvstendige svar. Eg skreiv derfor i det informerte samtykke at eg håpte informantane ville dele sine erfaringar med meg.

Ved å velje intervju kunne eg risikere at informantane ikkje ga ut rett informasjon fordi dei er redde for at opplysningane eller dei sjølve ikkje vil bli anonymiserte. Dalen (2011, s. 102) skriv at det er spesielt viktig om ein vel intervju som metode at informantane føler seg trygge på at alt som blir sagt under intervjuet blir behandla fortruleg. Eg har difor vore veldig nøye på å anonymisere alt i denne prosessen, og eg sa også klart ifrå til informantane at alt vert anonymisert.



## 4.0 Empiri

I dette kapitlet skal eg trekke fram funn rundt dei stille barna som eg samla inn i intervjuet. Eg har samla funna i forskjellige kategoriar; **innagerande åtferd, leik, vaksenrolla** og til slutt **tiltak** barnehagelærarar gjer for dei stille barna.

### 4.1 Kategorien Innagerande åtferd

Dei tre informantane opplev at det er like mange innagerande barn som det er utagerande, men at dei utagerande barna er lettare å legge merke til, og ofte får meir merksemd.

Informant 2 seier dette rundt dei stille barna i barnehagen:

Dei har alltid vore der, dei også. På lik linje med dei utagerande. Men dei innagerande har vell vore sett på som..ehh kva skal eg seie.. Stille som at dei er behagelige og rolige, dei er tilfredse. Dei har ikkje så store behov, er enkle å ha med å gjere. Så derfor trur eg dei på ein måte har hatt litt lite fokus. Det er jo ofte slik med oss vaksne at vi høyrer jo lyd, og reagerer på lyd. Så altså dei stille dei seier ikkje så mykje.

Informantane legg vekt på kor viktig det er å vere bevisst på alle barn og at ein som barnehagelærer skal sjå alle barn. Informant 2 seier vidare at ho trur dei stille barna har fått meir fokus dei siste åra fordi det generelt har vore meir fokus på dei stille barna i media. Ho trur også at dei som er nyutdanna har meir fokus på dei stille barna sidan det er meir rundt desse barna i utdanninga, då spesielt om ein vel valfag som mangfald og meistring.

Når det kjem til kjenneteikn på dei stille barna er dei alle tre ganske samde med at dei stille barna ofte er usynlege, leikar mykje sjølv og gjerne bordleik der dei ikkje kan bli forstyrre av andre barn, dei lagar lite lyd, og har dårleg utvikla leik. Informant 3 seier dette om kjenneteikn:

Så tenker eg at det som kjenneteikner dei er det at dei tek lite plass, er vanskeleg å sjå, ein må bli kjent med barnegruppa før ein ser dei og dei krev lite av oss vaksne. Eh. De har kanskje mindre vennegjengar, og dei treng hjelp til det sosiale.

Informant 1 seier også at desse barna har få leikevener, og ofte når desse få er vekke frå barnehagen vert dei stille barna veldig tafatte.

#### 4.2 Kategorien Leik

Når det kjem til leiken er dei tre informantane einige i at leiken er det viktigaste for barna i barnehagen. Ifølgje informant 1 er leiken er eit mål i seg sjølv, og eit middel for barna å finne ut kven dei er. Dei leiker ut det dei lærer. Ho seier også at leiken er viktig for identitetsdanninga til barna. Informant 2 seier at det er gjennom leiken barna lærer.

Informant 3 seier dette om leik i barnehagen;

Ja, leiken i barnehagen er jo det viktigaste. Det er arenaen for læring. Så det er jo all form for læring og sosial kompetanse, språk, turtaking alt. Kjempeviktig.

Informantane har alle erfaring med barn som ikkje leikar. Informant 1 fortel dei jobbar mykje med mestringsstrategiar i barnehagen , slik at barn etterkvart skal klare å komme inn i leiken sjølve. Informant 2 seier dette rundt barn som ikkje leikar:

Ja eg har hatt nokon barn som ikkje har gjort det.. og det blir ofte til at dei blir stille av seg fordi dei veit ikkje heilt kor dei skal gå inn i den leiken. Så eg har ofte opplevd at dei tek kontakt med vaksne, eller i alle fall ein dei har ein god relasjon med og så blir det leik med dei i staden for at dei går inn med dei andre da.

Informant 3 fortel om eit barn som sat seg sjølv til side når det var snakk om leik med andre. Han ville rett og slett ikkje vere i samspel med andre, og sa han hadde vondt i magen når styrte aktiviteter skulle skje.

Grunnar til at barn ikkje leikar er mange. Her blir det nemnt personlegheit, redde for avvisning og barna vil skåne seg sjølve for avvisning, redde for vere i samspel med andre, andre interesser, og det kan også vere noko heime som er vanskeleg som gjer at barna ikkje vil leike. Informant 2 seier dette om innagerande barn og interesser ved leik:

Eg har i alle fall erfaring med at dei innagerande barna har...ikkje heilt andre interesse enn dei andre, men dei har gjerne interesse som spesialiserar seg på ulike leikar. Eg har for eksempel erfaring med ein gut som ..han var veldig opptatt av lego. Og han var veldig vanskelig å få leik med noko anna enn lego.

#### 4.3 Kategorien Vaksenrolla

Dei tre informantane legg vekt på kor viktig jobben dei gjer i barnehagen er. Informant 1 er opptatt av at ein treng påkøbla og tilstadeverande vaksne. Ho nemner også at det dei vaksne sei og gjer i barnehagen rundt eit barn fortel det barnet og andre barn noko om det barnet. Ho dreg fram eit eksempel rundt dette:

Det vil sei at viss vi har ei jente som heiter Pia. Som er veldig stille. Og så tenker eg at eg ska gjer henne synleg i gruppa. Og så har barna fått seg noko nytt, og så seier ho Pia ingenting, så seier eg som vaksen, ja ho Pia har fått ny jakke ho også, eller ja sant. Viss det blir for..altså barn lesar veldig fort mellom linjene. Og då vil dei tenke , åja jammen ho Pia klarar ikkje å snakke sjølv. Og ho Pia lærer seg også at , eg har andre vaksne som snakkar for meg så eg treng ikkje å snakke.

Det blir vidare nemnt at dei vaksne i barnehagen har eit stort ansvar rundt det å støtte og respektere alle barna som dei er. Dei vaksne skal ikkje pushe barna , men dei må også passe på at dei stille barna utviklar seg som dei skal. Dei vaksne er pliktige til å hjelpe dei stille barna og støtte dei. Dei vaksne skal sjå barna, men også gi dei så mykje støtte at dei løftar dei. Dei vaksne må også vere aktive vaksne i leiken, medleikande.

Informant 2 nemner dette rundt rolla som vaksen i barnehagen:

Så vi kan på ein måte ikkje pushe dei til å gjer ting, vi må respektere dei, men vi må passe på at viss det at dei er innagerande eller stille då går utover den utviklinga dei skal ha ..Eh då er vi pliktige. Vi er pliktige uansett då til å gå inn og hjelpe dei og sjå dei og støtte dei og anerkjenne dei for den dei er.

Informant 3 legg sterk vekt på det å ha foreldra på lag. Ho seier at i deira barnehage er dei svært klare på det at dei i barnehagen kan bygge vennskap i barnehagetida, men det er foreldra sitt ansvar etter klokka 17. Informant 1 fortel kor viktig det er at foreldra kjenner seg viktige, og at dei jobbar med å aktualisere foreldra i deira barnehagen. Dersom ein seier at foreldra er viktige, så seier ein indirekte til barnet at det også er viktig fortel informant 1.

Informantane nemner i intervjuet at dei syns det er svært viktig å ha ein god dialog med foreldra. Informant 1 legg også svært vekt på det med foreldrerettleing , positiv grensesetting, og haldningar i forhold til inkludering , og ho seier at det er umogleg å jobbe med inkludering utan å ha foreldra på lag.

#### 4.4 Kategorien Tiltak

Når det kjem til tiltak har dei tre informantane forskjellige måtar å jobbe på dersom dei opplev at barn ikkje leikar, eller kjem inn i leiken på grunn av innagerande åtferd. Informant 1 fortel at dei driv med relasjonskartlegging i hennar barnehage. Her kartlegg dei relasjonar mellom barn , men også relasjonar barna har til foreldra sine. Her legg ho vekt på kor viktig det er at dei vaksne i barnehagen tek ansvar dersom dei ser at ein relasjon er dårleg. Ho fortel vidare at dei også bruker observasjonsmetoder for å observerer barna, og små leikegrupper.

Informant 2 fortel at dei brukar tiltaksskjema dersom dei opplev at barn ikkje leikar. På dette skjemaet skriv dei vaksne litt om noverande situasjon, litt om barnet og kva som er ønska situasjon. Så skriv dei kva tiltak dei skal setje i gong, og eventuelt ein dato for når dei skal evaluere igjen neste gong. I tillegg har dei vaksne primærbarn som dei har eit ekstra ansvar for å sjå. Ho fortel også dei at dei ofte deler opp i små grupper slik at alle barna får meir vaksenstøtte og får vere i samspel med dei på sin eigen alder. Om det skulle vere store problem med barn som ikkje leikar kalla ho inn til samtale med foreldra og styrar, men informant 2 kan ikkje hugse at det har gått så langt nokon gong.

Informant 3 fortel at dei brukar små leikegrupper. Her set ho saman grupper ho trur kan fungere saman og der barna kan få gode relasjonar. Vidare prøver ho å finne ut kva det stille barnet interesserer seg for slik at ho kan legge opp leiken. Så byggjer ho vidare på denne interessa. Ho nemner kor viktig det er at barnet kjenner meistring i denne leikegruppa. Ho fortel om ein situasjon i ei leikegruppe der det var barn som trengte hjelp inn i leiken:

Så hadde vi pulverheksa, den las vi på samling. Vi hadde nokon som trengte hjelp til å rett å slett få eit leikereportoar. For eksempel kva skulle dei leike i rolleleiken? Så då hadde vi pulverheksa. Så laga vi eit hus, der vi hadde , som eit dukkehus..Der vi hadde pulverheksa. Barna lagde brusflaskene og vi hadde dei inni eit hus. Og så hadde vi leikegrupper der vi hadde lest boka i forkant. Små grupper. Så såg vi, kven var pulverheksa sant, kven kom på besøk, kva ville dei ha osv. Så bladde vi i boka , og så

leika vi i dette huset da kontrollert med vaksne. Så tok vi etter kvart vekk boka og då såg vi at dei som trengte det hadde fått leikekunnskap, vi ga dei innhald i leiken, og det vart på ein måte utvida og utvida for då hadde dei ein start. Og så hadde vi utkledding, så dei kunne kle seg ut. Så vi hadde på ein måte eit pulverheks-år (ler).

Vidare fortel dei tre informantane at dei også blir mykje kursa gjennom barnehagen, og har mykje fagbøker i sin barnehage slik at dei kan lese seg opp dersom dei treng kunnskap. Berre ein av informantane kan hugse å ha vore på kurs der dei stille barna hadde eit særskild fokus.

Det dei tre informantane er einige om er at små leikegrupper er det som fungerer for å inkludere dei stille barna i leiken. Informant 1 nemner enkel leik først og fremst som for eksempel berre å slå av å på lyset. Vidare nemner ho konstruksjonsleik ved bord som ein god leik å bruke i desse små gruppene. Informant 2 nemner at det er viktig å vite interessene til det aktuelle barnet. Her må ein kartlegge interessene for så å lage ei leikegruppe utifrå desse interessene. Informant 3 seier også at det viktigaste er å finne interessene og ikkje minst passe på at leikegruppene inneheld barn som kan få gode relasjonar. Ho trekk fram aktive vaksne i dette eksempelet:

Gi dei påfyll av leikekompetanse og aktive vaksne. Ein kan faktisk ikkje sitte å sjå på.

Ein må kanskje vere pulverheksa ganske lenge sjølv(ler). Kanskje ein må styre leiken og gradvis trekke seg derifrå.

Informant 3 trekk også fram bøker. Ho bruker mykje bøker i barnehagen, og då spesielt noko som heiter Vennebøkene. Det er bøker som handlar om kjensler, der barna kan kjenne seg igjen. Ho meiner at det å lese slike bøker er svært viktig for barn.

Dersom det ikkje fungerer med denne type leik meiner informant 1 at ein må gjere leiken enda enklare. Ho legg vekt på at den vaksne er den viktige i denne prosessen.

#### 4.5 Oppsummering av empiri

Eg har no presentert dei viktigaste funna frå intervjuet eg gjennomførte om rundt dei stille barna. Eg ser at dei tre informantane er bevisste på dei stille barna i kvardagen og dei har erfaring med dei. Dei er alle einige i at barnehagen har eit stort ansvar rundt desse barna på lik linje med alle andre barn. Vidare er dei einige i at leiken er det viktigaste for barna i barnehagen og at det må gjerast tiltak dersom det finst barn ikkje leikar. Det eg ser informantane gjer for å inkludere dei stille barna i leiken er det å opprette leikegrupper der dei

spelar på barna sine interesser. Det er også viktig at leikegruppene inneheld barn som kan få ein god kjemi. Vidare er det viktig med aktive, medleikande og påkobla vaksne som kan støtte og legge til rette for god leik. Det er ikkje alltid nok å berre sjå og observere at barna leikar, ofte må ein gå inn i leiken sjølv for at det skal fungere.

## 5.0 Drøfting

I dette kapittelet skal eg drøfte funna som eg presenterte i førre kapittel. Desse funna vil eg drøfte opp imot mi forforståing, og teori og forskning som eg presenterte i kapittel 2.

Problemstillinga mi er om korleis barnehagelærarar kan bruke leik for å inkludere dei stille barna og denne vil vere utgangspunkt for drøftinga. Eg vil deler opp kapittelet som det førre; innagerande åtferd, leik, vaksenrolla og til slutt tiltak.

### 5.1 Innagerande åtferd

Informantane legg vekt på kor viktig det er å vere bevisst på dei stille barna og at dei prøver å vere bevisste på alle barn i barnehagen. Vidare seier også informant 1 at ho meiner dei stille barna har fått meir fokus dei siste åra. Eg tenker dette er veldig positivt og ikkje heilt den forståinga eg har frå før.

Dei tre informantane mine er alle samde om at det som ofte kjenneteikner dei stille barna etter deira erfaring er at dei ofte sit mykje åleine, er passive i leiken og dei krev lite av dei vaksne. To av informantane poengterer også det at desse stille barna ofte har få vener. Eg ser at det som kjenneteiknar dei stille barna ifølgje informantar i denne studien understrekar det Lund (2014, s. 71) seier, at dei stille barna ofte er upopulære blant jamnaldra barn og har færre vener. Dei opplev også meir einsamheit enn dei andre barna. Lund (2012, s. 21) seier også at det kan vere svært vanskeleg å vite når den innagerande åtferden vert ein problemåtferd. Her tolkar eg det som at ein må som vaksen i barnehagen heile tida kartlegge og observere, og dersom åtferden til barnet hindrar læring og positive relasjonar (Lund, 2012, s. 21) må ein setje i gong tiltak. Vidare seier informant 2 at dei stille barna ofte treng hjelp til det sosiale. Eg tolkar det som at desse barna ikkje har den sosiale kompetansen dei treng for å skaffe seg gode relasjonar med andre. Ein av konsekvensane som tilbakehalden åtferd kan ha for barn, som vert nemnde av Lund (2014, s.25) , er nettopp ei manglande evne til å skape relasjonar med jamnaldra eller vaksne.

I høve mi forforståing er desse funna i ganske stor grad samsvarande med det eg kjende til av feltet på førehand.

### 5.2 Leik

Dei tre informantane er einige om at leiken i barnehagen er det viktigaste for barna. Dei nemner at det er gjennom leik barna lærer, både sosial kompetanse, danning, språk og turtaking. Frå mi side tolkar eg det som at leiken er utruleg viktig for barna si utvikling. Informant 3 seier dette om leiken;

Ja, leiken i barnehagen er jo det viktigaste. Det er arenaen for læring. Så det er jo all form for læring og sosial kompetanse, språk, turtaking alt. Kjempeviktig.

Lillemyr (2012, s. 32) påpeikar at leiken er viktig for barna fordi den er ein vesentleg del av barnekulturen, og derfor blir leiken viktig for personleg og kulturell identitet. Vidare vil det i følgje Vedeler (2007, s. 71) vil det vere avgjerande for barn å vere i leiken på ein positiv måte for å utvikle sosial kompetanse. Barsøe (2010, s. 49) på den andre sida seier barn må ha ein viss grad av sosial kompetanse for å kunne leike, og at denne kompetansa kjem gjennom leik med andre barn. Eg tolkar dette som at dei stille barna hamnar i eit evig negativt mønster då dei ikkje får kompetanse gjennom leik, og ikkje får leike fordi dei ikkje har den kompetansa leiken krevjer. Ifølgje Greve (2015, s. 55) vil dei barna som ofte opplev å bli utestengt frå leiken utvikle lav sjølvkjensle og ei kjensle av makteslausheit, som igjen fører til eit negativt sosialt mønster.

Dei tre informantane har fleire erfaringar med barn som ikkje leikar og informant 2 fortel om barn som ikkje veit korleis dei skal gå inn i leiken, dermed leiker barna heller med vaksne som dei har ein god relasjon med. Greve (2015, s. 55) påpeikar at barn treng samværkompetanse for å få vener, og denne kompetansa skaffar barn seg i leik med andre barn. Som informantane fortel og opplev så skjer det at dei stille barna ikkje leikar, og då tolkar eg det som at desse barna ikkje får denne samværskompetansen og heller ikkje gode relasjonar med jamnaldra barn.

Kva kan vere grunnar til at dei stille barna vel å halde seg utanfor leiken? Informantane fortel om frykt for avvisning, skåne seg sjølve frå avvisning, redde for å vere i samspel med andre og også spesielle interesser. Informant 2 fortel om eit stille barn som berre ville leike lego, og det var vanskeleg å få dette barnet inni nokon annan leik med andre barn. Ytterhus (2002, s. 137) skriv om eksklusjon frå leik og at barn som blir sett på som «annleis» av andre barn opplev oftare samhandlingsbrudd i leiken enn dei andre barna. Vidare fortel Ytterhus (2002, s. 62-63) om nokre samhandlingsressursar som barn burde ha for å kunne oppretthalde leiken. Desse var å spørje om å få vere med i leiken, vere blid og snill, vere kreativ og morosam, og å vere spontant nerværande i leiken. Dei barna som ikkje hadde desse ressursane i like stor grad som andre blei oftare ekskludert i leiken. Eg tolkar dette som at barn som er stille kan bli sett på som «annleis», og for eksempel dette barnet som berre ville leike lego valde kanskje denne leiken fordi han ikkje hadde desse ressursane som Ytterhus snakkar om. Eg tenker at



barn som ofte opplev å bli ekskludert kan fort bli redde for å ta initiativ og dermed vel dei heller å leike for seg sjølve.

Utifrå kategorien leik synest dette også å vere samsvarande med forforståinga mi der eg har ei forståing av at leiken er utruleg viktig for barna si utvikling og at ekskludering frå leik vil gjer at barn får problem med utvikling av sosial kompetanse og relasjonar.

### 5.3 Vaksenrolla

Informantane legg vekt på at dei vaksne har eit stort ansvar i barnehagen rundt dei stille barna. Her blir det nemnt at dei vaksne må vere påkobla, tilstadeverande, støtte barna, løfte barna og vere medleikande. Birgitta Knutsdotter Olofsson (2007, sitert i Øhman, 2015, s. 106) meiner at barn treng «leikbare» vaksne for å kunne utvikle eigen leik. Vidare påpeiker Engdahl (2015, s. 135) kor viktig det er med vaksne som gjer ein aktiv innsats når dei ser at relasjonane i barnegruppa er svake. Eg tolkar dette som at dei vaksne spelar ei stor rolle for leiken og relasjonane til barna i barnehagen, og at dei vaksne heile tida må vere påkobla og tilstade for å støtte og hjelpe dei barna som treng hjelp inn i leiken. Vidare påpeikar Engdahl (2015, s. 135) at alt dei vaksne gjer, og ikkje gjer, påverkar barna. Informant 1 gir meg eit eksempel der ho dreg fram at dersom dei vaksne heile tida snakkar fram eit stille barn så vil dei andre barna tenke at dette barnet ikkje kan snakke, og barnet sjølv vil tenke at dei vaksne snakkar for meg så derfor treng eg ikkje å snakke sjølv. Dette tolkar eg som at ein som vaksen heile tida må tenke over korleis ein snakkar om og til barn og at ein skal gi stille barn støtte, men ikkje så mykje støtte at barnet ikkje utviklar seg.

Åm (1984, s. 51) påpeikar kor viktig dei vaksne er for leiken i barnehagen. Ho seier vidare at dei vaksne ofte ikkje ser kva som skjer i leiken dersom dei ikkje deltek sjølve. Dei vaksne kan også vere ein innfallspørt for dei barna som ikkje tørr å delta i leiken utan vaksne, og dette kan vere avgjerande for at nokre barn tørr å leike (Åm, 1984, s. 52). Mine informantar er alle samde om kor viktig det er med vaksne som faktisk deltek i leiken og er medleikande.

Informant 3 fortel om gongar då ho har måtte vore med i leiken som ein aktiv deltakar, og at ein som vaksen kan faktisk ikkje sitte å sjå på. Ein må gradvis trekkje seg ut av leiken, fortel ho vidare.

Foreldra er svært viktige å ha med på laget fortel informant 1. Ho seier at utan foreldra kan ein ikkje jobba med inkludering i barnehagen. Dei tre informantane er samde om at det er viktig å ha ein god dialog med foreldra. Dette legg Barsøe (2012, s. 195) også vekt på og ho poengterer kor viktig det er at ein oppfordrar foreldra til å styrke vennskap etter barnehagetida. Eg tolkar dette som at ein heile tida må arbeide for å ha ein god relasjon med

foreldra og at utan foreldra er det vanskeleg å inkludere dei stille barna i barnehagen.

Informant 1 seier så fint at dersom ein aktualiserer foreldra og seier at foreldra er viktige så seier ein ubevisst at barnet også er viktig.

Dersom ein som vaksen i barnehagetida viser barna tryggheit så skaper ein også tillit (Lund, 2014, s. 124). Ein må vidare også vise anerkjenning i arbeid med dei stille barna seier Lund (2014, s. 104). Dei vaksne er pliktige til å støtte og hjelpe dei stille barna seier mine informantar og dei poengterer også at barna skal løftast fram og anerkjennast. Dette går på det Lund (2014, s. 112) seier om at dei vaksne må gi barna trua på seg sjølve og etter kvart tørr dei å stå fram sjølve.

Dette er nær det eg satt med av forforståing frå før, at dei vaksne i barnehagen er utruleg viktig for barna og at dei vaksne må delta i leiken og vere aktive vaksne.

#### 5.4 Tiltak

Når dei informantane vert spurde om kva tiltak dei set i gong for dei stille barna har dei alle tre forskjellige måtar å arbeide på. Informant 1 bruker relasjonskartlegging der dei kartlegg relasjonane som barna har både med foreldre og andre barn. Informant 2 fortel at dei brukar tiltaksskjema dersom dei ser at barn treng hjelp inni leiken. Uansett kva tiltak informantane bruker fører det etterkvart til at dei stille barna vert sett i leikegrupper der dei får leike med barn dei kan få ein god kjemi med og ikkje minst at dei får leike med noko dei er interessert i og noko dei kan meistre. Barsøe (2010, s. 193) seier at i slike leikegrupper får barna øve seg på å leike og dei vaksne får også kartlegge barna sine interesser. Vidare seier Barsøe (2012, s. 193) at det er nokre spørsmål ein bør stille seg før ein oppretter slike leikegrupper; kva er ønska utvikling, kva interesserer veit vi at dette barnet har frå før, kven kan dette barnet fungere saman med, kor mange barn skal vere i leikegruppa og kor ofte skal leikegruppa møtes. Som informantane poengterer seier Barsøe (2010, s. 193) også at det viktigaste er at ein tek utgangspunkt i barnets interesser og at det er noko barnet meistrer, og ikkje minst må dei vaksne involvere seg i leiken og vere aktive vaksne. Vedeler (2007, s. 122) meiner at dei vaksne må bruke leik til å skape felles erfaringar til barna. Vidare seier ho at barna også treng motivasjon til å involvere seg i leiken og då må dei oppleve samanheng og mening med å delta i leiken. Her tolkar eg det som at den vaksne er eigentleg den viktigaste i denne prosessen og at utan aktive vaksne kan ikkje dei stille barna bli inkludert i leiken, med eller utan leikegrupper.

Desse funna er ikkje i like stor grad samsvarande med mi forforståing. Eg har ei forståing frå før av at barn som treng hjelp inn i leiken ofte vert sett i leikegrupper utan at det vert tatt hensyn til barnets interesser.

## 6.0 Oppsummering

Målet med denne oppgåva var å finne svar på problemstillinga korleis barnehagelærar kan bruke leik for å inkludere dei stille barna i barnehagen.

Vi har sett i funn og drøftingsdelen at dei tre informantane brukte leikegrupper , og argumenterte dette metodiske grepet som sin beste måte å inkludere dei stille barna. I desse leikegruppene kartla dei interessene til dei stille barna og dei valde også barn som dei stille barna kunne få god kjemi med og forhåpentlegvis bli leikekameratar. Ikkje minst vart det presisert at dei stille barna skulle få kjenne på det å meistre leikekodene i leikegruppene. Noko anna som er definert som viktige funn er at dei vaksne er aktive vaksne som heile tida er nær kopla til leikesituasjonen. Då var det viktig at dei vaksne visste kva som kjenneteikna dei stille barna. Med den kompetansa visste dei kva dei skulle sjå etter.

Informantane fortalde at dei har sett i sitt arbeid at dei stille barna ofte sit mykje for seg sjølv, tek lite kontakt med barn og vaksne, har dårleg utvikla leik og ofte er usynlege i barnegruppa. Som Lund (2012, s. 21) peika på er det derimot svært vanskeleg å vite når innagerande åtferd vert problemåtferd. Her var det viktig med vaksne som observerer og kartlegg slik at det vert oppdaga når åtferden går utover læring og relasjonar.

Informantane viste til behovet det er at barnehagelærar støtta, hjelp og løfta fram dei stille barna . På den måten våga dei etter kvart å stå fram sjølv. Erfaringane til informantane var at dei stille barna må respekterast og anerkjennast. Oppgåva til barnehagelærar var å skape trygghet og tillit i og omkring leiken.

Noko anna informantane sa var at leiken er det viktigaste for barna i barnehagen. Leik som har aktiv barnehagelærar med seg er naudsynt for dei stille barna. Dei vaksne må vere medleikande, og gi dei stille barna støtte i leiken med dei andre barna. Etter kvart hadde det vore naturleg å gradvis trekkje seg ut av leiken fordi barnet meistra leikekodene og inngang i leiken i større grad sjølv. Den aktive barnehagelærar hjalp såleis barnet å skaffe seg den naudsynte leikekompetansen. Fleire av informantane sa at dei stille barna ofte ikkje har den same leikekompetansa som andre og trengde derfor hjelp. Ansvarer for desse gode prosessane hadde barnehagelærar. Informantane la også vekt på behovet for å ha foreldra på laget. Den eine informanten fortel at utan foreldra kunne dei ikkje lukkast med inkluderingsarbeidet dei har som barnehagelærar, Vidare måtte barnehagelærar oppfordre foreldra til å støtte opp under vennsbygging også etter barnehagetid.

Slik vert svaret på problemstillinga at barnehagelærar må inkludere dei stille barna i leiken ved å vere støttande, aktive og medleikande vaksne som støttar einskildbarnet og gir det den anerkjenninga og respekta det treng i kvardagen. Å arbeide kontinuerlig med å kartlegge barnet sine interesser og deira utvikling av sosial kompetanse er naudsynt. Barnehagelærar må arbeide med å bevisstgjere heile personalet for å setje saman leikegrupper der alle barn får meistre leiken og få gode relasjonar til andre barn.

Dersom eg no skal spørje om tausheit verkeleg er gull , ville eg svare eit absolutt nei. Dei stille barna skal respekterast, men det må tilretteleggjast slik at dei får sjans til å kome inn i leiken med dei andre barna, og få gode relasjonar til andre barn. Det å ha ein ven er utruleg viktig.

I arbeidet med denne studien har eg vorte merksam på manglande empiriske studiar innan forskning der dei stille barna er sjølve forskingsobjektet. Dette ser vi i del 2 der eg gjorde omfattande litterature review utan at resultatata står i samsvar med behova barnehagane og PPT sit med i høve denne gruppa barn. Slik kunne eg ønskje meg fleire nordiske studiar innan feltet. Mitt vesle bidrag vert heller å gjere barnehagelærar meir medviten desse barna og deira utfordringar.

## Litteratur

- Barsøe, L. (2010). *Ville og stille barn i barnehagen. Veier ut av låste atferdsmønstre*. Oslo: Kommuneforlaget.
- Dalen, M. (2011). *Intervju som forskningsmetode – en kvalitativ tilnærming*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Dalland, O. (2013). *Metode og oppgaveskriving*. Oslo: Gyldendal.
- Engdahl, I. (2015). Att stødja barns vänskapsbyggande. I : Øksnes, M. & Greve, A. (Red.) (2015). *Vennskap* (s. 134 – 155). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Findlay, L.C., Coplan, R.J., & Bowker, A. (2009). Keeping it all inside: Shyness, internalizing coping strategies and socio-emotional adjustment in middle childhood. *International Journal of Behavioral Development*, 33(1), 47-54. doi: 10.1177/0165025408098017.
- Greve, A. (2015). Vennskapsbegrepet. I: Øksnes, M. & Greve, A. (Red.) (2015). *Vennskap* (s. 41 - 57). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.
- Johansen, K, B. (2011). .mer ensomme i noen situasjoner enn andre? *Specialpædagogik*, 31 (1), 23-32. Henta frå <http://tidsskriftetspecialpaedagogik.dk/>
- Kavale, K.A., Forness, S.R., Mostert, M.P. (red.) (2005). *Defining emotional or behavioural disorders: A quest for affirmation*. London: SAGE.
- Kvale, S., & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju*. Oslo: Gyldendal.
- Kvello, Ø. (2013). Sosialisering i barnehagen: Å rustes til å lykkes som samfunnsmedlem. I: Ø.Kvello (Red.), *Barnas Barnehage 2 Barn i utvikling* (s.195 - 224). Oslo: Gyldendal.
- Kunnskapsdepartementet (2017). *Rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver*. Oslo: Departementet.
- Lillemy, O.F. (2011). *Lek – Opplevelse – Læring i barnehage og skole*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lillemyr, O. F. (2012). *Lek på alvor*. Oslo: Universitetsforlaget.
- Lund, I. (2014). *Det stille atferdsproblemet. Innagerende atferd i barnehage og skole*. Bergen: Fagbokforlaget.

Lund, I. (2012). *Hun sitter jo bare der! Om innagerende atferd hos barn og unge*. Bergen: Fagokforlaget.

Nilsen, V. (2012). *Analyse i kvalitative studier. Den skrivende forskeren*. Oslo: Universitetsforlaget.

Ogden, T. (2009). *Sosial kompetanse og problemadferd i skolen*. Oslo: Gyldendal.

Olofsson, B. K. (2007). *Lek for livet*. Oslo: Forsythia.

Sagberg, S. (2014). Vitenskapsteori for bachelorstudenter. I: H.Jæger (Red.), *Bacheloroppgaven i barnehagelærerutdanningen* (s. 25 - 42). Oslo: Cappelen.

Sørli, M-A., & Nordahl, T. (1998). *Problemadferd i skolen. Hovedfunn, forklaringer og pedagogiske implikasjoner*. Oslo: NOVA.

Vedeler, L. (2007). *Sosial mestring i barnegrupper*. Oslo: Universitetsforlaget.

Øhman, M. (2015) Skal vi leka som vi gjorde igår? I: Øksnes, M. & Greve, A. (Red.) (2015). *Vennskap* (s. 101 – 115). Oslo: Cappelen Damm Akademisk.

Åm, E. (1984). *Lek i barnehagen. De voksnes rolle*. Oslo: Universitetsforlaget.

# Vedlegg 1

## *Intervjuguide*

### *Semistrukturert intervju*

#### ***Problemstilling: Korleis kan barnehagelærar bruke leik for å inkludere dei stille barna?***

##### Bakgrunn

- 1.Kva utdanning har du?
- 2.Kor mange år har du jobba sidan du tok utdanning som førskule/barnehagelærar?
- 3.Kor mange år har du jobba i denne barnehagen?

##### Erfaring med stille barn og innagerande åtferd

- 4.Kor bevisst er du på dei stille barna i kvardagen?
- 5.Har du erfaring med at det er flest utagerande eller innagerande barn?
- 6.Erfarer du at dei stille barna er ei stor gruppe barn?
- 7.Kva kjenneteikner desse barna slik du erfarer det?
- 8.Kva erfaringar har du og kva tankar har du gjort deg om barnehagen sitt ansvar rundt dei stille barna?

##### Leik

- 9.Kva er dine tankar rundt barn og leik? Kvifor er leiken viktig?
- 10.Kva erfaring har du med barn som ikkje leikar?
- 11.Kva tenker du kan vere desse barna sine grunnar til at dei vel å halde seg utanfor leiken?
- 12.Korleis jobbar din barnehage dersom nokon treng hjelp til å kome inn i leiken?

##### Tiltak

- 13.Kva tiltak har vore sett i gong for stille barn i din barnehage? Kom med døme
- 14.Kva erfarer du slags type leik fungerer best for å inkludere dei stille barna?
- 15.Har det fungert å bruke leik for å inkludere dei? Har du døme på kva som er prøvd ut vidare viss ikkje?
- 16.korleis involverer du foreldra i eit slikt arbeid ?
- 17.Korleis jobbar din barnehage rundt kompetanseheving for å hjelpe alle barn inn i leikegrupper og å høyre til leikegrupper?
18. Har du vore deltakar i kompetanseheving der dei stille barna har fått eit særskilt fokus?
- 19.Utifrå tematikken vi har vore inno, har du erfaringar frå dei innagerande eller utagerande barna som du no ser ikkje har fått kome fram?



## Vedlegg 2

# Forespørsel om deltakelse i forskningsprosjektet

## **”*Dei stille barna i barnehagen*”**

### **Bakgrunn og formål**

Eg går tredje året på barnehagelærer på Høgskulen i Volda, og skal skrive bachelor med problemstillinga **Korleis kan barnehagelærer bruke leik for å inkludere dei stille barna?** Her viser eg til problemåtferd der barna er så stille at det går ut over leik, læring og relasjonar. Eg håper difor at du vil dele av dine erfaringer gjennom arbeid i barnehagen.

Navnet mitt er...

Veilederen min er ...

### **Kva opplysningar skal innhentast og korleis?**

Eg er ute etter å finne ut av dine erfaringar rundt det å ha stille barn i barnegruppa, og korleis ein kan bruke leik for å inkludere dei. Eg bruke intervju som datainnsamlingsmetode. Eg vil bruke mobilen min som opptakar. Planen er eit semistrukturert intervju, med rom for spontane innspel. Intervjuet vil ta ca 30-40 minutt. Data frå intervjuet blir oppbevart på min mobil til eg har transkribert alt og etter dette vil all informasjon bli sletta. Oppgåva skal eg levere 5.januar.

### **Kva skjer med informasjonen frå deg?**

Alle personopplysningar vil bli behandla konfidensielt. Alle data blir anonymisert. Du vil ikkje bli gjenkjent i noko slags publikasjonar av forskinga. Både eg og min veileder er underlagt teieplikt.

### **Frivillig deltakelse**

Det er frivillig å delta i studien, og du kan når som helst trekke ditt samtykke utan å oppgi noko grunn. Dersom du vel å trekke deg, vil alle opplysningar om deg bli sletta med ein gong.

---

## **Samtykke til deltakelse i studien**

Eg har mottatt informasjon om studien, og er villig til å delta

---

(Dato, signert av prosjektdeltaker.)

